



Arkivnr: 2014/560-406

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		22.03.2019

Førebuing dialogdagen 08. april

Samandrag

Ungdommens fylkesutval (UFU) arrangerer ein dialogdag 8. april. På Dialogdagen vert det nye Ungdommens fylkesutval introdusert til Hordaland fylkeskommune, både administrativt og politisk. Administrasjon vil ta kontakt med dei ulike avdelingane i Hordaland fylkeskommune samt utvalsleiarane i de tre hovudutvala i tillegg til deira politiske kontaktperson, fylkesvaraordførar Pål Kårbø. Vi vil også ta kontakt med prosjektleiar Rune Haugsdal for å høyre om det er mogleg med ein orientering om status i samanslåingsprosessen.

Dette er ein moglegheit for Ungdommens fylkesutval å fremje sin politikk og å knyte band som kan vere til nytte resten av perioden. Det vert og ein moglegheit til å be om råd og tips til korleis ein skal få gjennomslag for politikken.

Førebuinga til ein slik dag vert å sette seg inn i Ungdommens planprogram, samt å undersøkje kven ein kjem til å ha kontakt med på denne dagen. Det er UFU som inviterer til møtet og det er dei som må opne møtet og styre det. Alle må lese seg opp om sitt område i Ungdommens planprogram.

Døme på program frå 2016:

- 09:00 **Førebuing, reiserekning, praktisk, osv**
- 09:30 **Saksgang - Stanley Hauge**
- 10:00 **Møter med administrasjonen**
- 12:00 **Lunsj**
- 12:30 **Førebuing**
- 13:00 **Møte med politikkarar**
- 14:00 **Korleis snakke med politikkarar? - Rasmus Rasmussen**
- 14:30 **Førebuing/etterarbeid**
- 15:00 **Politisk kontaktperson - forventningar - fylkesvaraordførar Pål Kårbø**
- 15:30 **Ferdig**

I år er det satt av tid frå kl. 10:00-15:00. Dette kan endrast om ønskjeleg. Vi ber om at ungdommens fylkesutval tar stilling dette.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.